



Notat

Dato: 21.02.2019
Arkivsak: 2016/34887-16
Saksbehandlar: gunradd

Til: Utval for miljø og samferdsel

Fra: Fylkesrådmannen

Tilleggsopplysningar til fråvikssøknad - reguleringsplan for fv 48 Skånevik - Flesjo

Bakgrunn:

Den 16.01.2019 vedtok MISA følgjande i sak 11/19:

«Saka vert utsett til neste møte i MISA, og ber om å få framlagt kostnadsestimat for å unngå innsnevring av vegen..»


Saka gjeld:

Reguleringsplan for utbetring av vegstrekninga Skånevik – Flesjo er i sluttfasen. Planen er regulert etter vognormalane i gamal N100, og her er vegklassen «Miljøgate» nytta. I dei nye vognormalane som vart gjeldande frå hausten 2018 er denne vegklassen teke ut. Vegklassen «Gater» er difor nytta på strekninga mellom Skånevik og krysset på Ytranesvegen i Etappe 1 for prosjektet. Dette har gjeve mindre rom for fleksibilitet på strekningar der arealet er avgrensa, og for å unngå riving av hus er det lagt inn ei innsnevring på vegen over eit strekk på 55 meter (pel 210 til pel 265). Her er vegbreidda redusert til 3.24 meter med 30 km/t sone. I vognormalane er kravet 5,5 meter bredde med 30 km/t.

Kostnadsoverslag for å unngå innsnevring av vegen:

Kartet over området gir inntrykk av at det er to bustadhus som vert råka. Dette er ikkje korrekt. Det eine huset er i dag galleri (pel 150). Det er ikkje gjort eit kostnadsoverslag for riving av dette. Huset vurderast å ha verdi som er vanskeleg å prissette. På motsett side av vegen er det bratt terreng som gjer det uaktuelt å flytte vegen.

Kostnadsoverslaget er for riving av bustadhus ved pel 250. Det er gjort eit grovt anslag på 5 mill kr til riving av huset. Dette inneber innløysing av eigedom, riving og sanering av bustadhus, levering til miljøsentral, og full breidde på veg (ein gjer merksam på at huset ikkje er taksert). På motsett side av vegen ligg eit mindre og eldre verneverdig hus som gjer at vegen vanskeleg let seg flytte.



Fylkesrådmannen vil understreke at det er omsyn til lokalmiljø og huseigar som har hovudfokus i saka, og ikkje kostnadsreduksjonen. Det har vore synfaring på staden med representantar frå lokalpolitikken, Statens vegvesen, Etne kommune og samferdselsavdelinga i HFK.

Vedlegg: Reguleringsplan for fv. 48 Skånevik – Flesjo, Etne kommune - kostnadsoverslag